

## NOTAT

Om situasjonen for husdyrbruket i Geiranger



## INNHALD

<b>INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>BAKGRUNN</b> .....	<b>3</b>
<b>KONSEKVEN SAR AV UTVIKLINGA</b> .....	<b>4</b>
Negative konsekvensar for kulturlandskapet .....	5
Manglande fornying av driftsapparat.....	5
Produsentmiljø.....	6
Manglande nyrekruttering til landbruket .....	7
Reiselivet .....	7
<b>KVA ER GJORT FRÅ LOKALT HALD?</b> .....	<b>7</b>
Utarbeiding av forvaltningssystem for bruk av verdsarvmidlane .....	7
Dialogmøte med grunneigarane.....	8
Initiering av prøveprosjekt .....	8
Utgreiing av fellesfjøsprosjekt.....	8
Utprøving av ny teknologi .....	8
Evaluering .....	8
<b>KONKLUSJONAR/TILRÅDINGAR</b> .....	<b>9</b>
Ekstraordinære utviklingsmidlar/stimuleringsmidlar .....	9
Utgreie alternative metodar for kulturlandskapspleie .....	9
Prøveprosjekt.....	10
<b>VEDLEGG:</b> .....	<b>10</b>

## Innleiing

Dette notatet er skriva etter oppmoding frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap som drøfta denne problemstillinga på møte i Flåm den 19. august d.å. Det er i denne omgang peika på status i Geiranger spesielt, men stoda/ problemstillingane/ utfordringane er i dei fleste høve dekkjande for Vestnorsk fjordlandskap generelt.

## Bakgrunn

Det offentlege verkemiddelapparatet knytt til verdsarvområdet i Geiranger har no vore i funksjon sidan 2007. Det er etablert tilskottsordningar for areal og for husdyr. Opplegget og metodikken for tildeling av desse midlane er etablert i samarbeid mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Stranda kommune. Det er lagt relativt store ressursar i å utvikle systemet, og det har hatt årlege justeringar for å fange nye problemstillingar og å tilpasse systemet til dei til ei kvar tid mest aktuelle problemstillingane.

Det er ikkje lett å måle effektar av verkemidla fordi ein ikkje har gode referanseområde *utan* slike verkemiddel å samanlikne med. Men vi som har følgd utviklinga dei åra verkemidla har vore i bruk ser nokre negative utviklingstrekk som vi meiner overordna mynde bør vere informert om. I dette korte notatet vil vi spesielt konsentrere oss om utviklinga i husdyrhaldet fordi det er på dette området bekymringane våre er størst, og fordi vi ser at sekundærverknadene av dette på sikt kan bli dramatisk når det gjeld arbeidet med å oppretthalde eit levande kulturlandskap.

Det er Geirangerbygda som er utgangspunktet for notatet, men deler av problemstillingane er også gyldige for Norddal kommune.

**Utviklinga i husdyrhaldet**



	Driftscenter innafor verdsarvområdet	Driftscenter utafor verdsarvområdet	Tal dyr i alt
<b>Sauer og lam</b>	461 (161) 453 (453) 397 (397) 371 (371) 265 (265)	3812 (838) 3774 (872) 3426 (1023) 3706 (771) 3638 (674)	4273 (999) 4227 (1325) 3823 (1420) 4077 (1142) 3903 (939)
<b>Geiter og kje</b> (geiter i Herdalen driftss. innafor)	920 (437) 842 (360) 804 (316) 798 (393) 1031 (536)	1351 (161) 1255 (152) 1167 (496) 1224 (111) 1424 (166)	2271 (598) 2097 (512) 1971 (812) 2022 (504) 2455 (702)
<b>Hestar</b>	3 (3) 4 (4) 5 (5) 3 (3) 3 (3)	19 (0) 23 (0) 23 (0) 18 (0) 17 (0)	22 (3) 27 (4) 28 (5) 21 (3) 20 (3)
<b>Kyr / storfe</b>	23 (23) 27 (27) 23 (23) 22 (22) 12 (12)	328 (51) 300 (58) 288 (48) 280 (52) 192 (47)	351 (97) 327 (85) 311 (71) 302 (74) 204 (59)

1

Tabell 1 viser status og utviklinga i dyrehaldet frå 2008 til 2013. Tal viser både heile nordområdet (Geiranger og Herdalen) og Geiranger isolert (tal i parentes).

Som vi ser har fram til no alle dei tradisjonelle dyreslaga vore representerte. I 2013 endra dette seg ved at dei to buskapane med mjølkeku/storfe (i Flydalen) vart avvikla. Ammekyrne på Gjørvad er dessutan borte. I tillegg har ein dei siste åra fått nye dyreslag som lama, men dette er einskilddyr som spelar ei relativt lita rolle med omsyn til dyrehald og kulturlandskapspleie.

**Konsekvensar av utviklinga**

Nedgangen i husdyrhaldet har fleire sterkt negative følgjer for kulturlandskapet i Geiranger. Å oppretthalde kulturlandskapet vert sett på som heilt avgjerande, både av landbruksnæringa sjølv og av reiselivet på staden og i regionen.

Truleg bør ein vurdere å flytte arbeidet med skjøtsel av kulturlandskapet vekk frå posten gardsdrift over til ein post «tiltak for skjøtsel av verdsarvområdet» eller «tiltak for å ivareta opplevingskvalitetane», jf. utgreiinga til Per Kristian Frøysa (sjå vedlegg) der han brukar nemninga «kulturlandbruk». Betalinga og statusen for slikt arbeid må vere på nivå med anna type arbeid i bygda (t.d. snikkararbeid, røyrleggjararbeid, eller reiselivsaktivitet) dersom dette skal vere berekraftig.

Ei kortfatta oppsummering av dei viktigaste konsekvensane av nedgangen i husdyrhaldet er etter vår oppfatning som følger:

## Negative konsekvensar for kulturlandskapet

Det tradisjonelle jordbruket i Geiranger var eit småskalalandbruk der ein var heilt avhengig av å gjere bruk av absolutt alle areal ved slått og beiting for å kunne skaffe fôrgrunnlag for husdyrproduksjonen. Dette gav eit aktivt, velstelt og estetisk flott kulturlandskap. Nedgangen i husdyrhaldet fører til mindre fôrbehov, og derav følgjer at ein haustar mindre areal enn tidlegare, spesielt marginalareala. Dei mest tungdrivne innmarksareala vert marginaliserte, og det vert mindre beitetrykk på innmarks- og utmarksbeite. Av dette følgjer vidare at ein ikkje lenger brukar like mykje ressursar på å halde landskapet ope, og ein ser tendensar til aukane attgroing og marginalisering av areal. Grunneigarar utan husdyr prioriterer ikkje gjerdehaldet, og dermed vert husdyrhaldet for dei som enno driv vanskeleggjort.

Gjerdehald er heilt avgjerande for å kunne ha beitande dyr. Nok beitande dyr kan røkte marginaliserte areal dersom gjerda er gode nok (og mange nok). Ein «gjerdepatrulje» som kunne ha ansvar for oppsetting og vedlikehald av gjerda i verdsarvområda kunne kanskje vere ein interessant tanke. Ein slik gjerdepatrulje kan t.d. vere innleigd frå eit bygdesørvis.

Truleg trengst det meir beitedyr i området dersom ein har som målsetting at verdsarvområdet skal beitelandskapspreg. I forvaltningsplanen er det for dei fleste verdifulle lokalitetane i «utmarka» påpeika at areala må beitast for at kvalitetane skal haldast ved like.

Det kan vere aktuelt å foreslå for beiterettshavarane å leige ut beiterettane til husdyrhaldarar frå andre område, på same måten som i Ulvådalen. Verdsarvtilskotet for beitande dyr kunne då delvis gå til godtgjersle til beiterettshavarane, og delvis til finansiering av ei gjerdepatrulje.

## Manglande fornying av driftsapparat

Den negative spiralen i husdyrhaldet har gitt som resultat at det ikkje vert satsa på fornying av driftsapparatet. Alt *før* verdsarvtilskotta kom på plass var driftsapparatet i svært dårleg forfatning på mange bruk. Sjølv om areal- og beitetilskotta truleg har hatt ein bremseeffekt på den utviklinga som var på gang, har manglande økonomiske midlar til fornying av driftsapparatet (investeringsverkemiddel) gjort at ein ikkje fekk snudd trenden i tide. Spørjeundersøkingar vi har gjort tyder på at det i dag er relativt få gardbrukarar som kan tenkje seg å investere i nye driftsbygningar.

Behovet for ekstraordinære investeringsverkemiddel har vore tema sidan verdsarvsatsinga kom. Det er også gjort tilsvarende undersøkingar om behovet for investeringar i driftsapparat i Geiranger tidlegare (også i vedlagde rapport av Per Kristian Frøysa). Samanliknar vi desse ser vi ein klar tendens til at satsingsviljen har minka. Tolkinga av dette resultatet kan sikkert diskuteras, men det ein heile tida må ha i minne når det gjeld jordbruket i Geiranger er at bruka her har heilt spesielle utfordringar med omsyn til bruksstruktur/teigdeling, arrondering og

driftstilhøve. Med den generelle utviklinga mot større og meir rasjonelle einingar i jordbruket, vil slike område sjølvsagt få enno større utfordringar.

Men vi vil også peike på at nabobygda Eidsdal har hatt ei heilt anna utviklingsbane med relativt tunge investeringar på tilsvarande bruk.

I prosjektet «Eit opnare Geiranger» (vedlagt) kom det fram at mange kunne tenke seg å medverke til etablering av ein fellesfjøs for sau. Men det var ikkje mange som kunne tenke seg å stå for *drifta* av fjøsen.

Slik eg kjenner dagens aktørar i Geiranger, er der få, om nokon, som ynskjer å drifte eit større fellesfjøretak. Det er etter mi oppfatning, heilt avgjerande at der er éin, eller helst fleire personar som har føresetnader for å lukkast, og som det blir lagt til rette for.

Kor vidt «ei tilrettelegging» bør bestå av *særskilde* investeringstilskot, kan sjølvsagt diskuteras. Det optimale ville vere at inntektene frå noverande ordningar med dyre- og arealtilskott vart såpass lønsame at ein kan forsvare nyinvesteringar. Men problemet for Geiranger sin del er at driftsapparatet vart så «nedkøyrd» før ein tok tak i utfordringane at det neppe er realistisk å få på plass eit moderne driftsapparat utan særskilde verkemiddel i ein gjenoppbyggingsfase, sjå under Konklusjon.

Vi konkluderer difor med at ekstraordinære midlar er svært avgjerande, men vi trur heller ikkje dette vil vere ein *garanti* for snunad. Kanskje er skilnaden den at driftsapparatet i Geiranger mykje lenger nede før ein starta stimuleringa via verdsarvmidlar?

Vi meiner også at ein må vurdere alternative tiltak, t.d. beiteparuljeløysingar der dyr utanfrå vert nytta til kulturlandskapspleie i Geiranger, jf. omtalen av det gjennomførte (og svært vellukka) prosjektet på Homlong.

## Produsentmiljø

Inntil 2013 hadde vi 2 mjølkeproduksjonsbruk i Geiranger (Flydal). Desse besetningane er no sende til slakteriet. Eit vitalt produsentmiljø er avhengig av eit visst volum/eit visst tal produsentar i ei lita bygd som Geiranger. Eit aktivt husdyrmiljø er ikkje minst avgjerande for nyrekruttering til næringa. All erfaring tilseier at reetablering av husdyrproduksjon på bruk som først er lagde ned er svært vanskeleg å oppnå.

Vår analyse av situasjonen er at ein venta for lenge med å setje i gang mottiltak for å stimulere produsentmiljøet i bygda, og dermed at ein fekk “dominoeffektar” i form av nedtrapping/nedlegging av produksjonar og bruk.

Faren for at dette kunne skje vart påpeika allereie i rapporten til Per Kristian Frøysa frå 2007 (*“Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyen”*). Her vart det konkludert med at det trongst særskilde investeringsverkemiddel (jf. Kap. 6.1.4.:

*“I deler av verdsarvområda, særleg Geiranger, må det til betydelege investeringar i driftsbygningar og maskiner for å få landbruksproduksjonen opp att på eit nivå som gjer det mogeleg å ta vare på kulturlandskapet. Grunneigarane er skeptiske til å gå inn i tunge langsiktige investeringar basert på årlege statlege løyvingar. Tiltaksplanen tilrår difor eit spesielt investeringsbidrag til kulturlandbruket”.*

Dette tiltaket er diverre ikkje realisert. Det er så vidt ein kjenner til gjort fleire framstøytar overfor departementa (NHD, LMD, MD) om dette, men utan at det har ført til konkrete resultat.

## **Manglande nyrekruttering til landbruket**

Rekruttering til landbruksnæringa er generelt vanskeleg under rådande tilhøve. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utarbeidd ei eiga landbruksmelding. I denne har problematikken med rekruttering til landbruksnæringa fått spesiell merksemd. Lokalt har landbrukskontora i Stranda, Norddal og Sykkylven nettopp fått støtte til eit rekrutteringsprosjekt som omfattar alle bruk i kommunane. Dette kjem i gang får hausten av, og vil neppe reversere utviklinga i Geiranger utan at det vert følgt opp andre verkemiddel i tillegg.

Med dei ekstra utfordringane ein har i Geiranger seier det seg sjølv at rekrutteringsproblematikken vert forsterka her. Det er sjølvstans vanskeleg å underbyggje kva utviklinga ville ha vore med sterkare verkemiddelbruk, men det er vel grunn til å tru stimuleringa ikkje har vore kraftig nok og at yngre bønder vel bort landbruket fordi dei finn betre alternativ i andre sektorar.

## **Reiselivet**

Eit velpleidd kulturlandskap er heilt avgjerande for reiselivsnæringa i Geirangerbygda. Husdyrhald tilfører ein stor meirverdi, sjølv om ein kanskje kan klare å oppretthalde eit relativt velstelt kulturlandskap berre ved hjelp av menneskeleg /maskinell innsats. Dei største aktørane innan reiselivet i bygda ser dette svært klart, og har difor i ulike samanhengar engasjert seg i problemet. Men her som andre stadar har ikkje reiselivsnæringa sett det som mogleg å gå inn med meir enn «moralsk» støtte.

## **Kva er gjort frå lokalt hald?**

Fylkesmannen og kommunen (Stranda) har lagt ned mykje ressursar i oppfølging av landbruket ved bruk av dei tilførte midlane til verdsarvbygda:

## **Utarbeiding av forvaltningssystem for bruk av verdsarvmidlane**

For å kunne forvalte dei økonomiske midlane er det utarbeidd eit relativt «søfistikert» system for å få ein mest mogleg målretta bruk av verdsarvmidlane. Dette omfattar areal- og dyretilskott. I tillegg er det løyvd midlar til meir indirekte kulturlandskapstiltak (rydding av skog, inngjerding med tanke på

beite, bevaring av kulturlandskapselement m.m.). Tilskottsregimet er dynamisk i den forstand at ein årleg går gjennom regelverket for å tilpasse innretning og styrke til dei til ei kvar tid mest aktuelle utfordringane.

## **Dialogmøte med grunneigarane**

Fylkesmannen og kommunen gjennomfører 2-3 årlege dialogmøte med kvar einskilt grunneigar for at vi skal klare å fange utfordringane dei opplever.

## **Initiering av prøveprosjekt**

På Homlong har vi gjennomført eit prosjekt med bruk av innleigd geitebuskap for å ta att eit attgrodd kulturlandskap. Dette er kombinert med at leigetakar hadde behov for «reine» areal i samband med sanering av geitebuskap. Resultatet er svært oppløftande. Dette er ei form for beitepatruljeopplegg, men med fast utleigar og leigetakar.

## **Utgreiing av fellesfjøsprosjekt**

Nokre grunneigarar i ved Eidsvatnet Norddal kommunen har fått støtte (Fylkesmannen) til å greie ut eit prosjekt med fellesfjøs. Eit vilkår for tildelinga er at ein samstundes skal sjå på korleis eit tilsvarande prosjekt i Geiranger vil kunne gjennomførast og korleis dei økonomiske verknadene av ei tilsvarande satsing der vil slå ut (dvs. med eit verdsarvregime for tilskott i tillegg til standardvilkår). Det kan vere naturleg å sjå dette i samanheng med utvikling av bygg/konstruksjonar tilpassa til verdsarvområda (jf. Innovasjon Norge sitt prosjekt om innovativ bruk av tre som byggjemateriale). Eg viser her til dei vurderingane som prosjektet «Eit opnare Geiranger» gjorde i 2006.

## **Utprøving av ny teknologi**

Det er halde demonstrasjonar av maskinutstyr spesialtilpassa til dei spesielle driftsvilkåra ein har i Geiranger (m.a. brattlendt, mange og små teigar). Detter er sjølvgåande maskinar som kan fjernstyrast, og som både kan nyttast til slått og rydding av vegetasjon.

## **Evaluering**

Det er hittil ikkje gjennomført systematisk evaluering av verdsarverkemiddelbruken i Geiranger. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning NILF har utført ei evaluering av verdsarvsatsinga <sup>1</sup>over Landbrukets Utbyggingsfond (LUF) som summerer opp nokre viktige resultat og ikkje minst haldningar og synspunkt på tilskottsordningane blant grunneigarane. Gjennom dei årlege gardsbesøka og dialogmøta mellom grunneigarar og Fylkesmann/kommunen, meiner vi likevel å ha ein ganske god oversikt over situasjonen og utviklinga i bygda.

---

<sup>1</sup> Julie Nåvik Hval og Kjersti Norskog.



## Konklusjonar/tilrådingar

Det er viktig å vere merksame på dei heilt spesielle utfordringane med jordbruksdrift i Geiranger, jf. pkt. 3 når ein skal kome med forslag til tiltak, men eg tillet meg likevel å kome med nokre forslag:

### **Ekstraordinære utviklingsmidlar/stimuleringsmidlar**

Det må setjast meir trykk på arbeidet med å etablere ordningar for ekstraordinære utviklingsmidlar/stimuleringsmidlar, som mellom anna kan nyttast til investeringar i Geiranger/Norddal.

I rapporten til Per Kristian Frøysa som vart utarbeidd før ein vedtok ordninga med spesielle verkemidlar for landbruket i Geiranger er det godt dokumentert at det er eit stort behov for investeringsverkemidlar for å få på plass eit levedyktig landbruk i Geiranger som kan ta mål av seg til å oppfylle målsetjingane for kulturlandskapet i verdsarvområdet. Dette arbeidet er forsømt, og har hittil ikkje gitt noko resultat. Dermed har den negative situasjonen fått halde fram, og i dag er utfordringane med å ta tilbake husdyrproduksjonen enno større.

Vi er no komne i ein akutt og alvorleg situasjon, som krev handling og sterk stimulering over ein periode for å få på fote eit lite miljø som kanskje kan vekse og ha ei framtid. Ein bør m.a.o. vurdere mulegheitene for å lage spesialreglar for investeringsverkemiddel i verdsarvområda. Det tradisjonelle regelverket til Innovasjon Noreg er ikkje tilpassa dei utfordringane ein har dersom ein ønskjer å snu utviklinga i Geiranger. I det tradisjonelle verkemiddelapparatet vert det m.a. sett så strenge krav til lønsemd (t.d. buskaps-storleik) at ein ikkje vil oppnå støtte til fornying av driftsapparatet etter det generelle regelverket med den bruksstrukturen ein har i Geiranger.

### ***Utgreie alternative metodar for kulturlandskapspleie***

Fjordsenteret i Geiranger har uttrykt ønskje om at det vert bygd opp eit fagmiljø som kunne ta utfordringane med kulturlandskapet og byggjer opp spisskompetanse på kulturlandskapspleie i verdsarvområde.

Eg tek ikkje stilling på kva måte dette kan/bør gjerast på, men ser absolutt behovet.

Erfaringane frå Geiranger-bygda vil dessutan vere overførbare til andre verdsarvområde, m.a. Nærøyfjorden. Miljøet ved UMB ville vere ein naturleg samarbeidspart. Det same ville ein del av forskingsinstitutta i UMB-miljøet vere (t.d. Bioforsk og Norsk institutt for skog og landskap) . Lokalt sitt Landbruk Nordvest inne med mykje kompetanse på området, og dei har også ambisjonar om å vidareutvikle denne.

Noreg manglar spisskompetanse på dette fagfeltet, og vi må diverre konstatere at andre land (m.a. fleire av Alpelanda) har eit mykje meir velutvikla regime for å ta vare på kulturlandskapet sitt enn Noreg.

Beiteprosjektet på Homlong viser at ein kan oppnå gode resultat med nye løysingar på utfordringane. Skulle ein ikkje få på plass ekstramidlar til nyinvesteringar i driftsapparatet i Geiranger, må ein også vurdere alternative tiltak som dette.

## Prøveprosjekt

Det er behov for konkrete prøveprosjekt for å klargjere ulike løysingsalternativ for utfordringane til verdsarvlandbruket og for å kunne utvikle eit verksamt verkemiddelapparat og meir langsiktige tiltaksstrategiar enn det vi har i dag. Organisering av slike prosjekt tek vi ikkje stilling til, men det vil vere naturleg å kople det til nasjonale og lokale kompetansmiljø (t.d. Skog og landskap, Bioforsk, NILF, Landbruk Nordvest), med tette koplingar til forvaltning på kommune- og fylkesnivå og kanskje også ev. lokale nyetableringar av kompetansmiljø, jf. pkt. 4 b.

Inge Bjørdal

Næringssjef, Stranda kommune

## Vedlegg:

- *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyan. Rapport Per Kristian Frøysa, 2007.*
- *Prosjektomtale - eit opnare Geiranger*
- *Fagleg sluttrapport - forprosjekt Fellesfjøs i Geiranger*